

Møtereferat

Dato: 20.06.2014

Til stades:	Frå Fjelberg bygdalag: Stein Birger Lekven og Rolf Arne Birkeland Frå Kvinnherad kommune: Ordførar Synnøve Solbakken og Anbjørn Høivik Frå Statens vegvesen: Per Steinar Nedkvitne Frå Hordaland fylkeskommune: Per Morten Ekerhovd og Tore Bjørgo frå kultur- og idrettsavd. Håkon Rasmussen, John Martin Jacobsen og Nils Egil Grude frå samferdselsavdelinga		
Emne:	Referat frå møte om Fjelbersambandet med Fjelberg Bygdalag, Kvinnherad kommune, Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune	Sak:	2014/15824-2
Møtetid:	Fredag 13. juni 2014 kl. 10.00-11.30	Møtestad:	Fylkeshuset

Møteleiar: Håkon Rasmussen
Referent: Nils Egil Grude

Møtet kom i stand på initiativ frå Fjelberg Bygdalag som ønskte å legge fram sitt syn på moglege andre løysingar på eit framtidig Fjelbergsamband enn det som ligg i kommunedelplanen som vart vedteke av Kvinnherad kommune 27.09.2012.

Representantane frå bygdalaget viste til at den vedtekne planen har slike kostnader at det vil vere urealistisk å kunne få realisert den vedtekne planen. Bygdalaget ville derfor på nytt sjå på alternativa 2D og 2E som ligg søraust i Fjelbergsundet og finne eit kompromiss som let seg gjennomføre økonomisk.

Ordførar Solbakken meinte at ein kan ikkje forhalde seg til at realisering av Fjelbergsambandet blir lagt vekk. Ein må finne fram til ei løysing som let seg gjennomføre. Ho viste til at det frå regjeringshald var opna for å nytte ferjeavløysingsmidlar til fylkesvegprosjekt. Det gjeld midlar for 40-års ferjedrift.

Fylkesdirektør for samferdsel Håkon Rasmussen viste til at oppslaget i pressa om mogleg bruk av ferjeavløysingsmidlar til fylkesvegprosjekt er nytt og ein vil frå fylkeskommunen si side sette seg nærare inn i kva som ligg i dette, og kva det eventuelt kan innebere for Fjelbergsambandet.

Fylkeskonservator Per Morten Ekerhovd og Tore Bjørgo frå kulturavdelinga orienterte om kulturminna og dei freda objekta for alternativa i søraust, og kva konsentrasjonen av fornminna representerer i nasjonal samanheng. Det er heilt klart frå Riksantikvaren at det ikkje er aktuelt med dispensasjonar for å gå inn i desse fornminna med veg- og eventuelle bru- eller utfyllingsløysingar. Det er difor ikkje aktuelt å hente fram/finne andre løysingar i søraust.

Frå bygdalaget vart det reist spørsmål om ein kunne grave ut/ dekke over dei aktuelle fornminna i søraust og nytte t.d. ferjeavløysingsmidlar til dette. Frå kulturavdelinga blei det svart at det ikkje er aktuelt med noko utgraving eller overdekking.

Håkon Rasmussen spurte om det kan vere mogleg å gå ned på vegstandarden i den vedtekne planen for å få ned kostnadane, om bygdalaget og/eller kommunen ser andre alternativ enn det som no ligg føre, og som ikkje ville kome i konflikt med fornminner. Han bad og om eit kort notat frå kulturavdelinga som kort konkretiserar kvifor ikkje dei søraustlege alternativa ikkje er gangbare alternativ.

Per Steinar Nedkvitne frå Statens vegvesen viste til at den vegstandarden som ligg i kommunedelplanen er ein standard som tilsvarar Sa1 (samleveg i bustadområder). Sa1 er ein 2-felts veg med ein total breidde på 6 meter inklusiv skulder. Det er ikkje tilrådeleg med ein enklare standard når ein byggjer nye vegar i dag.

Til svar på om bygdalaget og/eller kommunen ville sjå på andre alternativ viste ordførar Solbakken til ikkje berre bygdalaget og kommunen, men at alle som er involvert i arbeidet med Fjelbergsambandet må leite etter løysingar. Høivik frå kommunen tilrådde at ein arbeider vidare med kommunedelplanen og set i gang arbeid med reguleringsplan betalt av fylkeskommunen.

Håkon Rasmussen viste til at det ikkje er fornuftig å sette i gang med eit reguleringsplanarbeid når ein ser at det ikkje er realisme i eit prosjekt. Ein ønskjer ikkje å gå inn i eit arbeid som ender opp i full stopp. Rasmussen oppmoda dei ulike partane på møtet å gjere det ein var kome fram til i møtet, og så får ein dra konklusjonar for framtida for Fjelbergsambandet utpå hausten 2014.